



Steinar Jacobsen
Sivilarkitekt MNAL/ Partner
Artec

Dykkar ref.

Vår ref.

16/1215-24/GBNR - 9/291, FA - L42, KOM -
1259//ERLTEI

Dato:

12.04.2017

Delegert av Utval for Drift og Samfunnsutvikling

Delegasjonssaksnr: 093/17

Gnr/bnr 9/291 Hengjo Hellesøy - Ombygging – IG for deler av tiltaket

Ved førespurnad ver vennleg å gje opp referanse 16/1215.

Vedtak:

Ein tillèt no at deler av arbeid, godkjend i rammeløyve av dato 14.11.16, vert sett i gang, riving/ nye fasadar og tak med glasspartier. Innvendig nytt gulv. Utvendige arbeider vedr. vann og avløp.

Igangsettingsløyvet gjeld:

Ein gjev, i dette vedtaket, igangsetjingsløyve (IG), for deler av tiltaket, utvendig tømrararbeid: Riving/ nye fasader og tak med glasspartier. Innvendig nytt gulv. Utvendige arbeider vedr. vann og avløp.

Ansvar og kontroll

Ved søknad om rammeløyve:

Ansvar og kontroll

Desse føretaka har erklæring om ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Artec AS	S	SØK 2: Ansvarlig søker
Artec AS	S	PRO 2: Arkitekturprosjektering
Artec AS	S	PRO 2: Bygningsfysikk
Firesafe AS	S	PRO 3: Brannteknikk
Bergen Byggteknikk AS	S	PRO 3: Konstruksjonssikkerhet

Desse føretaka har levert erklæring om ansvarsrett etter plan-og bygningslova § 23-3 ved søknad om igangsetting for:

Desse føretaka har erklæring om ansvarsrett ved IG:

Føretak	L/S*	Funksjon/ Ansvarsområde	Tiltaksklasse
Firesafe as	S	PRO: Brannteknikk	2
Bergen byggtknikk as	S	PRO: Konstruksjonssikkerhet	2
COWI as	S	UK: Brannteknikk	3
Avventer	L	UK: Konstruksjonssikkerhet	3
Th Bhas Bygg as	S	UTF:Bygningsmessige arbeider: Tømrer og glassarbeider	1
Øygarden Havsenter as	S	UTF: Grunn, betong	1
Breivik Rør as	S	UTF: Utvendig og innvendig rørarbeid	1

* S = sentral godkjenning, L = Ikkje sentral godkjenning.

Erklæring av ansvarlege føretak er i samsvar med gjennomføringsplan datert 26.01.17. Dersom beskrivelsen av ansvarsområdet i erklæring og gjennomføringsplan er motstridande, gjeld erklæringen før gjennomføringsplan.

høgdeplassing

Plassering av tiltaket skal utførast etter dette vedtaket og godkjende teikningar.

Tiltakets plassering skal koordinatutrekna før utsetjing av hushjørnet på tomta.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal leggjast ved søknaden om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Igangsettingsløyve og rammeløyve skal alltid vere til stades på byggjeplassen, herunder dei kart og teikningar dei viser til.

Forholdet til annan lovgjeving og private rettsforhold:

Løyvet er gjeve etter plan- og bygningslovgjevinga og gjev ikkje utan vidare rett til og byggje i høve til annan lovgjeving eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

Bortfall av løyve

Løyvet er gyldig i 3 år fra vedtaksdato, jf pbl § 21-9. Ved eventuell klage på vedtaket startar fristen å løpe frå dato for det endelege vedtaket i klagesaka. Er tiltaket ikkje sett i gang innan 3 år, fell løyvet bort. Det same gjeld viss tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år. Fristane kan ikkje forlengjast, jf pbl § 21-9 første ledd.

Ferdigattest (teikningar av utført tiltak og endeleg plassering)

Søknadspålyttige tiltak skal avsluttast med ferdigattest, som vert skriven ut av plan- og bygningsmyndigheitene når det ligg føre nødvendig sluttdokumentasjon og kunngjering om ferdigstilling frå tiltakshavaren, jf pbl § 21-10.

Tiltakshavaren er sjølv ansvarleg for at plasseringa blir i medhald til løyvet.

Plan- og bygningsmyndigheitene kan unntaksvis skrive ut mellombels bruksløyve når vilkåra i plan- og bygningslova § 21-10 ligg føre.

Vi gjer spesielt merksam på

Kjem det klage på eit vedtak, er ikkje saka endeleg avgjort før klagen er behandla av fylkesmannen. Klagebehandlingen kan føre til at vedtaket blir endra. Igangsetjing før klage er avgjort skjer på eigen risiko.

Klage

Ein part eller annan med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket.

Reglane for klage står i forvaltningslova kap. VI.

Ein klage skal verta skriftleg, grunngjeven og underteikna.

Klagen skal sendast til kommunen.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket er kome fram til vedkommande part.

Innsyn

Ein part har rett til innsyn i sakas dokumenter.

Reglane for innsyn står i forvaltningslova §§ 18 - 19.

Med helsing

Øyvind Lunde

leiar teknisk plan og forvaltning

Erling Teig

byggjesakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Generell informasjon til vedtaket

Dette vedtaket er fatta med heimel i delegasjonsreglementet vedteke i kommunestyret 14.12.16, sak 111/16.

Ansvarleg føretak skal sjå til at arbeida blir gjennomførte i samsvar med gjeldande lov og regelverk samt godkjende kontrollplanar. Ikkje noko arbeid må gjerast utover det som er omfatta av igangsettingsløyvet.

Plan- og bygningsmyndigheitene legg til grunn at ansvarleg søkjar vidareformidlar aktuelle krav og løyve til utførande føretak.

Kommunen vurderer ikkje lenger foretakets kvalifikasjoner ved søknad, men erklæring vert arkivert hos kommunen.

Foretak som ikkje fyller kvalifikasjonskrava:

Kommunen kan framleis godkjenne føretak for arbeider i tiltaksklasse 1, jf. SAK 10 § 11-4 sjetle ledd.

Kommunen kan godkjenne sjølvbyggjar for personleg ansvar, jf. SAK 10 § 6-8

Opplysninger om klagerett og innsyn er vedlagt vedtak om rammeløyve.